



Referat frå elevrådsmøte 12.11.2021

Desse møtte:

- Olava og Marie Chloe frå 2. årssteg
- Aisha og Nikolas frå 3. årssteg
- Guro og Mateo frå 4. årssteg
- Marta frå 5. årssteg
- Mudasir og Maia frå 6. årssteg
- Theodor og Eline frå 7. årssteg
- Rektor

Forfall: Julie frå 5. årssteg

Tema: Elevmedverknad og skulemiljø

Elevrådsrepresentantane hadde på førehand diskutert desse spørsmåla på årsstega:

- Kva får elevane vere med å bestemme på skulen?
- Kva ynskjer dei å bestemme meir over?
- Føler elevane at dei vaksne tek dei med på råd?
- Korleis vil vi ha det på skulen?
- Kva er viktig for oss?
- Har de gode forslag til korleis alle kan ha det godt og trygt på skulen?

Elevmedverknad

Elevane føler at dei får vere med på å bestemme litt av skuledagen sin. Dei får velje kva dei skal gjere på i friminutta, dei får kome med ynskje om kven dei ynskjer å sitje med når dei skal byte plassar i klasserommet, dei får av og til velje kor dei skal vere på uteskule. Dei får også vere med å lage klassereglar, kva bok dei skal lese i lesekvart. I somme timar får dei også velje kva dei skal arbeide med. Dei ynskjer derimot å vere med på å bestemme innhaldet i timane meir enn dei gjer i dag. Kva dei skal lære og korleis dei skal lære det. Dei ynskjer fleire alternativ og fleire pausar i jobbeøktene. Dei føreslår då praktiske aktivitetar som t.d. spel som er relatert til fag, t.d. mattespel. Dei ynskjer også meir bruk av avstemming i klassen.

Skulemiljø

Alle elevane ynskjer at alle skal ha det godt og trygt på skulen. Dei vil at alle skal bli inkludert, at alle skal ha det bra, vise respekt for kvarandre. Dei ynskjer gode lærarar med faste reglar og rammer. Dei er opptekne av at dei vaksne skal sjå dei og vere hyggeleg mot dei. Elevane skal høyre på dei vaksne og ikkje forstyrre nokon i timane. Ingen skal mobbe og ein skal spørje alle om dei vil vere med i leiken.

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258



For å sikre at alle har det godt og trygt på skulen føreslår elevane at ein skal passe litt på kven ein tullar med og at leikeslossing ikkje skal vere lov. Ein skal spørje dei som står åleine om dei vil vere med i leiken, og ikkje gje opp dersom ein får eit nei til svar. Ein skal heller ikkje baksnakke, spreie rykter og snakke stygt til eller om medelevar. Alle kan bli flinkare på å halde tankane sine inne i seg.

Elevane føreslår at det blir meir aktivitet i undervisninga og at undervisninga skal bli gøyare. Dei ynskjer også at det blir fleire TL-leikar og meir organiserte leikar i friminutta.

Ein kjem til å ha fleire tema-møter i elevrådet framover. Det er viktig at elevane får gode diskusjonar i klasserommet og at ein tek opp tema som elevane er opptekne av. Rektor skriv referat frå møta og sender ut etterpå slik at dette kan bli lest opp på årsstega og slik at lærarane og assistentane er orientert.

Ein blei til slutt einige om at alle elevrådsrepresentantane på mellomsteget stiller på SU og SMU-møta. Det er lettare å snakke når ein er fleire og det er betre å vere fleire dersom nokon ikkje kan møte.

Linda Selheim

Rektor og referent

E-post: linda.selheim@oygarden.kommune.no

Telefon: 90241258